



Surnadal kommune
Bårdshaugvegen 1
6650 SURNADAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Laingen, 71 25 85 27

Høyringsvar til budsjett og økonomiplan 2026-2029

Vi viser til Formannskapet sitt vedtak 3. desember 2025 i sak 49/25 om budsjett og økonomiplan. Surnadal har betydelege økonomiske utfordringar. Statsforvaltaren varslar allereie no at vi vil innstille til Kommunal- og distriktsdepartementet på at de vert meldt inn i ROBEK, dersom budsjettet blir vedtatt som i innstillinga frå formannskapet.

For ROBEK-kommunar krev alt låneopptak godkjenning frå statsforvaltar. Vi vil sterkt rå i frå at de inngår kontrakt med entreprenør om eit nytt helsehus på noverande tidspunkt.

Må dekke inn meirforbruk frå tidlegare år

Surnadal kommune har dei siste åra hatt større driftsutgifter enn -inntekter. Dette resulterte i at de fekk eit meirforbruk på 17,76 mill. kroner i 2024 etter at disposisjonsfondet var tømt. Per andre tertial 2025, låg de an til ytterlegare meirforbruk, rundt 19 mill. kroner ved utgangen av året. Etter kommunelova § 14-11 skal meirforbruk dekkast inn året etter at det oppstod, og om dette ikkje er mogleg seinast to år etter at det kom til. Det inneber at meirforbruk frå 2024 skal vere dekt inn innan utgangen av 2026. Dette er ikkje gjort i budsjettet dykkar for 2026, noko som vil føre til at de vert meldt inn i ROBEK, slik de sjølv skriv.

Budsjettet viser at handlingsrommet dykkar er lite. I tillegg til at de må finne eit nytt og berekraftig nivå for den økonomiske drifta, må de betale tilbake opparbeidd meirforbruk frå 2024 og 2025.

De må ha god kontroll på utgiftssida dei neste åra: økonomien vert ekstra sårbar ved uføresette hendingar sidan de ikkje har disposisjonsfond. De står føre svært krevjande år før økonomien er stabilisert og de har ei berekraftig drift.

I denne situasjonen planlegg de for nytt helsehus med byggestart i 2026. I tillegg til å ta ned drifta og betale tilbake meirforbruk frå tidlegare år, må de dekke vesentleg auka rente- og avdragsutgifter frå lånet på nytt helsehus.



Kommunestyret si økonomiske handleevne

Kommunestyret har etter kommunelova § 14-1 plikt til å forvalte økonomien på ein forsvarleg måte, slik at den økonomiske handleevna blir ivareteken over tid. Konsekvensane av investeringane de planlegg for er betydelege. Statsforvaltaren forventar at kommunestyret tek nødvendige grep for å redusere utgiftene eller auke inntekta tilstrekkeleg for å kunne handtere auka kostnader (renter og avdrag), samt å sørge for inndekking av tidlegare års meirforbruk.

Budsjettet er ikkje ført rett

Etter kommunelova § 14-4, tredje ledd skal budsjett og økonomiplan setjast opp i balanse, samt vere realistisk, fullstendig og oversiktleg. Kommunestyret kan derfor ikkje vedta uspesifiserte innsparingar eller effektiviseringstiltak. Nedtrekk i budsjettet må innarbeidast på konkrete budsjettpostar/rammeområde. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal også vise utviklinga i kommunal gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar. I budsjettskjema 5-4 skal akkumulert meirforbruk framgå (*dekning av tidlegare års meirforbruk og framført til inndekking seinare år*). Dette er ikkje ført på rett måte i budsjettskjemaa.

Konsekvensar av ROBEK – krav om balanse

Ein av konsekvensane av at Surnadal kjem på ROBEK, er at vi etter lova skal gjere ein lovlegkontroll av budsjettet dykkar. De må då utarbeide ein tiltaksplan for å få økonomien i balanse igjen og betale ned akkumulert meirforbruk. Som ROBEK-kommune har de *inntil fire år* på betale meirforbruket, rekna frå året det oppstod. For kommunar i ROBEK skal Statsforvaltaren godkjenne alle lån og langsiktige leigeavtalar før kommunen kan forplikte seg. Dette vil bli ein del av lovlegkontrollen.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Maria Laingen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent